

Hydrant mogeleg berre i "nye Skårhaug"

07.11.2007



Montering av brannhydrant eller brannkule er berre mogeleg i den "nye" delen av Skårhaug-feltet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Ideen om montering av ein brannhydrant i den delen av Skårhaug som hadde brann tysdag kan dverre ikkje realiserast, opplyser vassverk-leier Hans Reidar Kjærland til uskedalen.no.
Han gjev denne orienteringa om dei faktiske tilhøva:**

- I den delen av Skårhaug der Muslands hus ligg, er det dverre vassrøyr med ein diameter på berre to tommar, medan tverrsnittet må opp i fire tommar hvis det skal ha noko for seg å montera ein brannhydrant eller ei brannkule, som det korrekt heiter. Kapasiteten blir ellers altfor liten.

I alle nyare byggefelt, til dømes det på "dalsida" av Skårhaug, er det lagt fire tommars røyr. Her er det også prosjektert brannkule, noko som er eit kommunalt ansvar.

Den nærmeste brannkula i høve til huset som brant ligg under Grana.

Kvífor denne ikkje vart nytta under brannen kjenner ikkje eg til, men val av vassforsyning er sjølv sagt ei vurderingssak i kvart einskild tilfelle, seier Kjærland.

Under brannen la dei slangar til elva – etterkvar tre i talet. Fastbuande etterlyste i den samanhengen ein brannhydrant i Skårhaug og Jan Henrik Hansen tok opp saka under møtet på Gamleskulen tysdag kveld.

Av Ola Matti Mathisen